



Arkivsak

24/04666-54

Saksbehandler

Stig Larsen

Saksgang

Partssammensatt utvalg
Yrkesopplæringsnemnda
Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse
Telemark ungdomsråd
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse
Fylkesutvalg
Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026
20.05.2026
20.05.2026

22.05.2026
27.05.2026

10.06.2026
18.06.2026

Framtidig utvikling og berekraft ved Rjukan vidaregåande skule

Innstilling fra fylkesdirektøren

1. Rapporten «Rjukan vidaregåande skule – vurdering av framtidig utvikling og berekraft» blir teken til orientering.
2. Det vidare arbeidet med Rjukan vidaregåande skule skal ha som mål å styrkje den økonomiske og pedagogiske berekrafta i opplæringstilbodet, innanfor rammene av fylkeskommunens ansvar for vidaregåande opplæring.
3. Programtilbodet ved Rjukan vidaregåande skule skal vurderast gjennom dei ordinære sakene om vidaregåande opplæringstilbod og handlings- og økonomiplan.
4. Telemark fylkeskommune tek initiativ til å vidareutvikle samarbeidet med Rjukan vidaregåande skule, Tinn kommune, NAV, lokalt næringsliv og relevante opplæringsaktørar, med sikte på betre samanheng mellom vidaregåande opplæring, kvalifisering, praksis, læreplassar og rekruttering.
5. Det blir arbeidd vidare med å vurdere korleis Rjukan vidaregåande skule i større grad kan nyttast i opplæringstilbod for vaksne som manglar fagbrev eller annan formell kompetanse, og i kvalifiseringsløp for personar med svak tilknytning til arbeidslivet.
6. Det blir arbeidd vidare med fleksible og digitale opplæringsmodellar og systematisk samarbeid mellom Rjukan vidaregåande skule, Vest-Telemark vidaregåande skule og Kragerø vidaregåande skule, der dette er pedagogisk forsvarleg, økonomisk realistisk og innanfor gjeldande regelverk.

7. Telemark fylkeskommune tek initiativ til eit vidare utviklingsarbeid med tydeleg framdrift, avklarte roller og faste samarbeidsarenaer. Tinn kommune, NAV, lokalt næringsliv og relevante opplæringsaktørar blir inviterte til å delta i arbeidet.

Bakgrunn og saksgang

Fylkestinget gjorde i sak 147/24, Vidaregåande opplæring frå 2025, vedtak om at det skulle gjennomførast eit utgreiingsarbeid for å sikre eit meir økonomisk og pedagogisk berekraftig tilbod ved Rjukan vidaregåande skule. I vedtaket vart det lagt til grunn at rolla skulen har i utviklinga av lokalsamfunnet og som regional utviklingsaktør skal vektleggjast, at arbeidet skal skje i nært samarbeid med Tinn kommune og lokalt næringsliv, og at forslag til vidare retning skal leggjast fram for fylkestinget våren 2026.

På denne bakgrunnen er det utarbeidd ein rapport om framtidig utvikling og berekraft ved Rjukan vidaregåande skule. Rapporten følgjer saka som vedlegg. Dei tillitsvalte har vært representert i arbeidet.

Saka blir lagd fram til uttale i Partssammensatt utval, Yrkesopplæringsnemnda, Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing, Ungdomsrådet, og Hovedutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget. Fylkestinget gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Rapporten viser at Rjukan vidaregåande skule må vurderast både som opplæringsarena og som del av den regionale infrastrukturen for kompetanse, rekruttering og samfunnsutvikling i Tinn og regionen. Utgreiinga byggjer på eit samla kunnskapsgrunnlag om demografi, elevgrunnlag, kvalitet, gjennomføring, arbeidsmarknad, kompetansebehov og økonomiske rammevilkår.

Rapporten viser at skulen er liten og sårbar, men at han samtidig har kvalitetar og funksjonar som gjer det fagleg relevant å vurdere vidareutvikling innanfor gjeldande struktur. Dette gjeld mellom anna betydinga skulen har for tilgjengeleg opplæring i regionen, for gjennomføring, for rekruttering av fagarbeidarar og for ungdom sin tilgang til studiekompetanse og vidare utdanning.

Rapporten viser vidare at arbeidsmarknaden i Tinn og regionen er prega av rekrutteringsutfordringar og eit samansett kompetansebehov. Kommunen og arbeidslivet har behov både for fagarbeidarar og for personar med høgare utdanning. Dette understøttar at skulen bør vurderast i eit breiare perspektiv enn berre elevtal og kostnad per elev.

Den økonomiske gjennomgangen viser at Rjukan vidaregåande skule har høgare kostnad per elev enn større skular, men at dette i stor grad heng saman med strukturelle forhold, mellom anna geografi, elevgrunnlag og avstandar. Rapporten peikar på at det finst eit handlingsrom innanfor dagens struktur, særleg knytt til tettare samarbeid, betre kapasitetsutnytting, fleksible

opplæringsløp, digital samordning der det er pedagogisk forsvarleg, og sterkare kopling mellom opplæringstilbod og regionale behov.

Rapporten peikar særleg på tre utviklingsspor. Det første er å styrkje koplinga mellom ordinær vidaregåande opplæring og lokalt arbeidsliv. Det andre er å utvikle meir målretta opplæringstilbod for vaksne som manglar fagbrev eller annan formell kompetanse. Det tredje er å vurdere om skulen, i samarbeid med kommune og NAV, kan få ei tydelegare rolle i kvalifisering av personar som står utanfor arbeidslivet.

Rapporten peikar samstundes på at ordinær vidaregåande opplæring for ungdom framleis skal vere kjerneoppgåva ved skulen. Fleksible opplæringsløp og vekslingsmodellar skal etter rapporten ikkje erstatte fullverdige ordinære løp der det er grunnlag for slike, men kunne nyttast som supplement i avgrensa og fagleg grunngjevne tilfelle.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka inneber ikkje i seg sjølv vedtak om endringar i skuletilbod, programstruktur eller budsjettfordeling. Slike spørsmål må vurderast og avgjerast i dei ordinære politiske prosessane, mellom anna gjennom saker om skuletilbod, vaksenopplæring, handlings- og økonomiplan og eventuelle eigne oppfølgingssaker.

Saka legg likevel føringar for den vidare utviklinga av Rjukan vidaregåande skule og for korleis fylkeskommunen skal arbeide vidare med samarbeid, organisering og utvikling av tilbodet.

Forslaga i saka ligg innanfor fylkeskommunens ansvar og handlingsrom som skoleeigar. Saka inneber ikkje endringar i det lovpålagde oppdraget til skulen, men ei tydelegare strategisk innretning for korleis oppdraget kan utviklast og følgjast opp innanfor gjeldande regelverk.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FN's bærekraftsmål

Saka støttar opp under bærekraftsmål 4 om god utdanning, bærekraftsmål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, bærekraftsmål 10 om mindre ulikskap og bærekraftsmål 17 om samarbeid for å nå måla. Ved å leggje vekt på lokal og regional kompetanseutvikling, betre gjennomføring og tettare samarbeid mellom offentlege og private aktørar, kan saka også bidra indirekte til sosial berekraft og meir robuste lokalsamfunn.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at rapporten gir eit godt og fagleg robust grunnlag for vidare politiske vurderingar av Rjukan vidaregåande skule. Etter fylkesdirektørens vurdering peikar rapporten ikkje i retning av at sentralisering eller sterk reduksjon av skulen er den mest tenlege løysinga, dersom ein legg til grunn mandatet for arbeidet og dei regionale omsyna som gjer seg gjeldande.

Fylkesdirektøren vurderer at det mest berekraftige hovudsporet er vidareutvikling innanfor gjeldande struktur. Dette inneber at skulen må vurderast ut frå den samla funksjonen han har

som opplæringsarena, kompetanseleverandør og regional utviklingsaktør, og at det må arbeidast vidare med tydelegare prioritering, sterkare samarbeid og meir målretta bruk av handlingsrommet fylkeskommunen har som skoleeigar.

Fylkesdirektøren meiner det er særleg viktig at samarbeidet med Tinn kommune, NAV og lokalt næringsliv blir meir forpliktande, og at vidare oppfølging skjer gjennom faste arenaer, tydelege roller og avklart framdrift. Fylkesdirektøren vil følgje opp dette i dialog med Tinn kommune, og legg til grunn ei open tilnærming til ulike samarbeidsformer der kommunen ser behov og moglegheiter.

Vidare meiner fylkesdirektøren at vidare utvikling av Rjukan vidaregåande skule bør sjåast i samanheng med kommuneplanens samfunnsdel for Tinn, der mellom anna omstilling, rekruttering innan helse og oppvekst, tilflytting og stadutvikling er løfta fram som prioriterte område. Dette kan gi grunnlag for samarbeid på fleire område, innanfor rammene av fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring og regional kompetanseutvikling, slik Telemarksplanen legg til grunn.

På denne bakgrunnen rår fylkesdirektøren til at fylkestinget sluttar seg til hovudretninga i rapporten og vedtek overordna føringar for vidare oppfølging av saka.

Vedlegg:

Rapport Rjukan mai 2026